



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		03.10.2019

Høyringsuttale frå Kviteseid kommune - Nasjonal ramme for vindkraft

Vedlegg:

- 1 Kart med vurderingar av NVE

Faktiske tilhøve:

NVE har på oppdrag frå Olje og energidepartementet (OED) laga eit forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. I forslaget er 13 områder utpekt blant de mest egna områda for vidare utbygging av vindkraft i Norge, mens 8 områder er lagt til som nest best egna. Talet på område som havnar over eller under grensa for å være mest egna, avheng av kor mye vekt som leggst på forskjellige miljø- og samfunnsinteresser, nettkapasitet og produksjonspotensial. Den endelige nasjonale ramma kan dermed omfatte fleire eller færre områder enn det NVE har føreslege.

Metoden NVE har bruka for å finne større samanhengande områder som eignar seg for vidare utbygging av vindkraft i Norge har vore gjort i tri fasar. Fyrst har NVE ekskludert områder der det er brei semje om at det ikkje skal byggast vindkraft. I den runden blei 2/3 av Norges areal ekskludert. Deretter har NVE delt dei resterende områda inn i 43 analyseområder. NVE, Miljødirektoratet og Riksantikvaren har vært tett på analysane, mens andre relevante fagmyndigheter, organisasjonar, lokale og regionale myndigheter har blitt invitert til å gje høyringsinnspel. NVE har deretter pekt ut areal innanfor kvart område som dei meiner er mest egna for vindkraft.


NVE sitt forslag ligg føre i ein rapport datert 1. april 2019

http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf

Blant områda som er utpekt som egna for utbygging av vindkraft er det eit områda blant dei nest best egna områda, der delar av området ligg i Kviteseid (området «Nissedal»). Områda er nærare omtala under. Området har ein generelt jamn vindstyrke og lite turbulens, noko som er gunstig for vindkraft, området har også god nettilgang.

Området «Nissedal».

Området er blant de nest mest eigna områda. Det består av deler av Fyresdal, Nissedal, Kviteseid og litt av Drangedal kommune, der Våmur-Roan villreinområde utgjør en stor del. NVE har vurdert villreinstammen som ikkje viktig nok til å ta området ut av nasjonal ramme, og at produksjonsforholda for vindkraft i området gjer at området pekast ut som eit av dei nest beste områda



NVE og Miljødirektoratet har bruka nasjonalt sammanlignbare kartlag som analysegrunnlag i arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft. Eksempelvis har Miljødirektoratets kartdatabase (naturbase) vært viktig i dette arbeidet. Det som ikkje ligger inne i naturbasen, har derfor heller ikkje blitt med i vurderingane. Informasjon i kommuneplanar, turkart og liknande som ikkje ligg i naturbasen er difor ikkje teke med i vurderingane.

NVE viser i sin rapport til viktigheten av eit oppdatert kunnskapsbehov. «Over tid kan ny kunnskap om for eksempel nettforhold, friluftslivsområder eller fugletrekk gjøre at kartet over dei utpekte områda bør justerast.

Kommunen vil ikkje få inntekt frå produksjon av vindkraft, men i anleggsfasen vil utbygging av vindkraft i området «Nissedal» bety arbeidsplassar i nærområdet.

I Kviteseid kommune er det hytteområde som ligg innanfor, eller i nærleiken av det området som har fått namnet «Nissedal». Det er også etablerte turstiar og skiløyper, og området er eit viktig friluftsområde for både fastbuande og hytteeigarane i Vrådal.

Villrein er ein art som det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på. Sjølv om Våmur-Roan villreinområde ikkje har fått status som eit nasjonalt villreinområde, kan området bli viktig i framtida for å sikre villreinen. Erfaringane med skrantesjuka, der område må sanere heile bestanden, gjer at ein bør ta vare på alle villreinområder sjølv om dei i dag ikkje har like stor betyding som dei nasjonale villreinområda.

Fleire område innanfor «Nissedal» har i dag ein form for vern. Dette er Lytingsdalen naturreservat som er eit verna område som grensar inn til Kviteseid kommune.

Granhovåsen naturreservat er eit område som er forslått verna og ligg i kommunane Fyresdal og Kviteseid.

Av verna vassdrag er Kileåi som ligg i Nissedal og Fyresdal kommune. Vassdraget er vernet mot kraftutbygging og er anbefalt som eit referansevassdrag i eit område der fleire av vassdrag er regulerte. I dette området er det mange små vatn som er viktige hekkplass for mange vadefuglar, og området er viktig for fuglar under trekk. Her er det også Storlom som hekkar.

Gautfallvassdraget ligg i Nissedal og Drangedal. Vassdraget er verna mot kraftutbygging. Hovudargumentet for vernet var at området var viktig for friluftslivet og at fire skogs-myrområder i området var foreslått verna. Desse områda er i dag verna.

Vurdering:

Viktige friluftslivinteresser har til nå ikkje blitt med i vurderinga av kor egna området «Nissedal» er, fordi viktige friluftsområder i Kviteseid kommune ikkje er registrert i Naturbasen. Områder som er tidlegare freda / føreslått verna, viktige friluftsområder og villreinområdet Våmur-Roan er viktig å ta vare på, og difor bør det ikkje byggast vindmøller i dette området.

Rådmannen si tilråding:

Kviteseid kommunestyre ønskjer ikkje vindkraftutbygging i kommunen i området «Nissedal». Dette fordi ei utbygging av vindmøller vil skade friluftslivet og miljøet i eit område som er viktig for kommunen, innbyggjarane, hytteeigarane og for friluftslivet.